

NVE

Ved sakshandsamar Malin Solheim Olsen

Oversendt pr e-post

Sunnfjord 16. september 2024

BERGSELVA KRAFTVERK, SUNNFJORD KOMMUNE. ETTERSENDING ETTER SYNFARING NVE.

Bakgrunn

Vi viser til synfaring 7. august og oversender følgende info:

1. Reservevatn Sunnfjord kommune.

Vi har vore i kontakt med kommunen etter synfaringa med NVE i august og informert dei om status for konsesjonsprosessen. Kommunen har orientert oss om status for vassverkløysing i Bygstad, og at slik status er i dag er truleg at det ikkje vil være behov for å nytte Bergselva som reservevatn. Derimot vil ein komme tilbake til dette etter ein eventuell konsesjon for prosjektet.

2. Oppmåling og oppdatert kart.

Som det var ønske om etter synfaringa med NVE blei det gjennomført oppmåling av heile prosjektet for å finne den optimale traseen, og for å kunne verifisere at høgdene i terrenget er tilfredsstillande i forhold til å kunne gjere utbygginga slik den er planlagt på kart. Det blei derfor gjort oppmåling med oppmålar frå Bystøl AS og ein gravemaskinførar som har mykje erfaring med røyrlegging og tilhøyrande vegbygging. Traseen som er oppdatert på kart ligg i tilnærma same trase som vi ligg inne i konsesjonssøknad og gjennomgått i terrenget på synfaringa med NVE. Merk at vi fekk nokre mindre avvik for det gamle kartgrunnlaget som var nytta tidlegare slik at inntakskote som er vist på bilete (og same plassering for inntak som vart vist på synfaring med NVE) har HRV kote 475. Tilsvarande var utløpskoten målt til kote 117,5. Fallet som kan utnyttast blir derfor mellom 475 til 117,5. Dette er lagt inn i tabell i vedlegg 1. Sjå også at bilete for inntaksområde, lagt inn i vedlegg 2, og kraftstasjon, lagt inn i vedlegg 3, er tilsvarande som synt i konsesjonssøknaden. Sjå også vedlagte alternativ for kraftstasjonsalternativ med 2 vegtilkomstar for desse.

3. Val av kraftstasjonsplassering.

Som det blei vist på synfaring er begge kraftstasjonsplasseringane relativt like og ingen av høyringspartane har hatt spesielle føringar for valet av dette. Det er heller ingen spesielle miljømessige- eller landskapsmessige grunnar for å velje alternativ 1 eller 2 for

kraftstasjonsplassering slik vi kan sjå. Tiltakshavar ønskjer derfor å avklare valet av kraftstasjonsplassering 1 eller 2 til detaljplanfasen med NVE. Det er også 2 ulike vegar for tilkomst så i kombinasjon med 2 ulike kraftstasjonsplasseringar er det 4 ulike alternativ som vi kjem til å avklare i detaljplanfasen for kva som er mest optimal for dette.

4. Mellombels røyrlager og riggområde.

For å konkretisere dette betre til detaljplanfasen er det mellombelse røyrlager og riggområde lagt inn i kartet. Det mellombelse røyrlageret er plassert på eit utmarksbeite og riggområde ligg ved «snuplassen» for den eksisterande skogsvegen. Såleis kjem ein ikkje i kontakt med andre eller «nye» område som ikkje har vore gjort inngrep i tidlegare. Desse areala er også kun til bruk i anleggsperioden og vil bli tilbakeførte etter ei utbygging.

Vennleg helsing Bergselva Bygstad Kraft AS

Egil Vallestad/Ingvar Bell

Bård Moberg


Styremedlemar

Dagleg Leiar

Vedlegg 1: oppdatert tabell etter oppmåling

Bergselva kraftverk, hovuddata			
TILSIG		Alternativ	Etter oppmåling
Nedbørfelt*	km ²	2,7	2,7
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	11,6	11,6
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	0,137	0,137
Middelvassføring	m ³ /s	0,369	0,369
Alminnelig lågvassføring	m ³ /s	0,050	0,050
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	0,050	0,050
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,040	0,040
Restvassføring**	m ³ /s	0,044	0,044
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	470	475
Magasinvolym	m ³		
Avløp	moh.	124	117
Lengde på råka elvestrekning	m/km	1885	1885
Brutto fallhøgd	m	346	358
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,748	0,748
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,962	0,962
Slukeevne, min	m ³ /s	0,010	0,010
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	50	50
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	40	40

Vedlegg 2: Bilete frå inntaksområdet. Damfot blir som tidlegare vist i konsesjonssøknanden ved foten til personen til venstre i bilete.



Vedlegg 3: Bilete frå kraftstasjonsområdet. Utløp blir som tidlegare vist i konsesjonssøknanden ved personen i bilete

